

Vår ref.:
23/02076-40

Dato:
09.11.23

Referat frå drøftingsmøte om fagleg organisering på nivå 4 i nytt fakultet FIN/FØS

Tid: 07.11.23 kl 12-13

Deltaking:

Organisasjonane

Jan Ove Rogde Mjånes Akademikerne - AK
Wenke Wüsthoff Jortveit Parat /YS-stat
Grethe Lønning Grimsbø, bisittar Parat
Tone Skjerdal Norsk tjenestemannslag/LO-stat-NTL
Gjert Anders Askevold Forskerforbundet-FF
Karin Bell Hovudverneombod-HVO

Arbeidsgjevar

Tage Båtsvik Organisasjonsdirektør – Org.dir
Øyvind Midtbø Berge – Prodekan FIN
Wenche Fjørtoft Seniorrådgjevar avdeling for HR (AHR) - referent

Prodekan orienterte om prosessen.

FF: Påpeikte at det korte fristar og mykje det skal takast stilling til. Det er viktig å ha leiarar nær seg, og det er flott at dette omsynet har vore sentralt i prosessen. Ber om nærare skildring om korleis formelle og uformelle innspel vart behandla då alle høyringsinnspel ikkje følgjer saka.

NTL: Prosessen har vore bra med brei involvering og i mange kanalar. Mange av innspela handla om stadleg leiing. Må kompensere der ein ikkje har stadleg leiing, og det er positivt at det skal vere ein frå instituttleiinga på alle campus.

Ein faktor når det gjeld lønn og karriereutvikling, er at det er lettast å bli sett når ein er fysisk nær leiaren. Dette må ein ta med seg vidare.

Kven ivaretek at studentane får eit heilskapleg tilbod på sin campus?

Når leiar er på annan campus, må ein rekna med auka reisekostnadar.

Det er viktig og bra at institutta får ein viss fridomsgrad i implementeringa.

Kva inneber den faglege leiinga på nivå 4?

Senterplassering, vil det ha innverknad her?

Prodekan: Alle kjenner på mykje arbeid på lite tid. Mykje medverknad i denne prosessen, tillitsvalde har lagt ned mykje arbeid, og vore sær konstruktive. Stor oppslutning i institutta om at nivå 4 må gå inn for «landing» innan tidsfasen som er sett.

Har skrive oppsummeringar frå personalmøta. Har skilt mellom enkeltpersonar og grupper av folk. Høyringsinnspel har vore som innspelsrundar og tilsettehar kome med innspel.

Fagleg organisering er hovudprinsippet ved HVL. Har forsøkt å balansere dette mot stadleg leiing. Alle har stadleg leiing på nivå 4 på alle campus. Kan vere tenleg å ha personalleiaren knytt til fag. Må kunne jobbe saman som *ei* leiargruppe som hjelper kvarandre og som har felles ansvar.

Det er jobba mykje med at det skal vere friheitsgrader. Kva betyr at det skal vere likt og kva skal handlingsrommet vere? Tilsette som treng særleg ivaretaking er eit element, lab.ingeniørar eit anna element. Må vere handlingsrom innanfor ein modell for å gjere avvegingar.

Senterstrukturen har vi halde utanfor.

AK: Samd i at rettferdig ikkje alltid er likt. Positiv til lokal tilpassing. Tilstrebe stadleg leiing så godt det let seg gjere.

Korleis ligg vi an i høve til prosessen for utlysing av stillingar på nivå 4? AK har nærare 200 medlemmer på det nye fakultet, og vi må sikre at ein har leiar plass i det nye året.

Belastning for TV: Rektor melde at han har delegert til org.dir i høve til å sjå på ressursar ved TV FIN/FØS. Kva er status?

Prodekan: Når det gjeld tidslinje i høve tilsettingar så har leiinga vore oppteken av det same. Har jobba intensivt med å førebu utlysing av nivå 4 i høve til begge modellane nivå 1 og 2. Klare for utlysing i morgon. Tekstane skal innom tilsetjingsutvalet.

Org.dir Vi ser på løysingar i høve til bruk av tidsbruk for tillitsvalde.

HVO: Prosessen har vore god og spennande. Det har gått fort og kanskje har ein ikkje fått meldt det ein ønsker. Arbeidsgruppa har gjort så godt ein kunne gitt føresetnadene. Uansett kva modell ein vel vil nokon ikkje få det sånn ein ønskjer. Vi må ivareta arbeidsmiljøet i høve til den modellen som blir valt, og få eit godt arbeidsmiljø for alle.

FF: Tilsetting av alle leirar i 100 % er eit godt tiltak. Når det eventuelt skal leggjast til andre oppgåver som forskning, undervising og innovasjonsoppgåver blir ein uroa. Kven og korleis skal prioriteringane gjerast? Ein må vere dedikert som leiar. Delstilling – skal ein drive forskning med leiarløn? Korleis blir dette tydeleggjort?

Org.dir: Vi skal utnytte ressursane godt, andre oppgåver skal ikkje gå på bekostning av det å vere leiar. Det skal vere fleksibilitet til å gjere tilpassingar.

Prodekan: Ein er leiar i heile si gjerning og i møte med tilsette. Viss ein har svært få tilsette så må ein balansere dette.

Parat: Peikar på teknisk/administrativt tilsette og at ein skal sjå på administrativ organisering rundt nivå 3 og 4. Ein bør ikkje vente for lenge med å sjå på dette. Det er uheldig viss det går for lang tid.

Org.dir:

Vidare prosess: Notatet blir sendt vidare til dekan og rektorvedtaket vil gje grunnlag for utlysingane.

Søknadsfristen er 29.11.23. Organisasjonsdirektør ber tillitsvalde oppfordre tilsette om å søkje.